

Meny

**abbonér på nyhets-
mail fra audiophile.no**

hovedsiden

bruktbers

diskusjonsforum

produktomtaler

musikkomtaler

handleguide

artikler

DIY - selvbygg

idebok - anlegg

SACD/DVD-A-oversikt

hjemmeKINO

lytteopplevelsen

om audiophile.no

skattekammeret

linker

spesial: "hi-rez"

Vincent SP 331 effektforsterkar

av Arve Åheim, 16.juli 2003



Vincent er ein mangfaldig forsterkarprodusent. På www.audiophile.no har vi testa fleire transistorkonstruksjonar, men Vincent lagar også rørforsterkarar. Vi prøver her ut ein blandingsforsterkar, med rør på inngangen og transistorar på utgangen.

Når SP 331 pakkast ut, får du inntrykk av soliditet. Dette er ein tung sak, beistet veg faktisk 19 kg, noko som gjev ein rimeleg kilopris. Dette er for det meste mykje kostbare deler, mellom anna ei solid straumforsyning og to solide striper toshiba utgangstristorar. Fronten har klassisk design, med av/på-knapp og to kraftige, skråstilte berehandtak. Baksida har doble høgtalarterminalar av svært god kvalitet, og to vanlege inngangar. SP 331 er ikkje balansert, noko som slett ikkje kan forventast til den prisen. Vincent leverer også ein matchande preamp, SA 31 som er ein rein rørkonstruksjon. Denne har ikkje vore på lager på ei stund, men eg har fått lovnad på å prøve ut også denne når han kjem inn att over sommarferien. Med ein pris på knapt 4000 kr, må dette vere den rimelegaste rørbaserte forforsterkaren på marknaden. SP 331 gjev altså inntrykk av å vere ein ganske minimalistisk sak, og det er klart at produksjonskostnadane må skvisast for å kunne levere eit produkt som dette, ein hybridforsterkar på 2x150 W til under 7000 kr. Her er ingen ekstra fasilitetar - noko

handle
fraktfritt
denne
uken

CDON.COM

Vi anbefaler:



[Kevin Mahogany - Pride](#)

- ☞ Førside
- ☞ Nettbutikk
- ☞ Hi-Fi Nytt
- ☞ Handleinfo
- ☞ Downloads
- ☞ Kundebrev
- ☞ Leverandøre
- ☞ Om oss

KOMPETANSEENTERET
FOR
LYD OG BILDE

AUDIO

HI-FI Center kjeden

SUNWAVE



PMV audio
Per Mobecks verktøst - audioprodukter

kjøparen skal være glad for, då det måtte gå ut over kvaliteten. Dei to røra på inngangen er 6N16.




Eg kobla SP 331 fyrst til "discoanlegget", der eg hadde prøvd storebror SP 993 for ei tid sidan. Og SP 331 gjorde ikkje skam på slekta. Dynamikken var knapt merkbart svakare enn den transistorbaserte store effektforsterkaren som leverte, men så var då rommet knapt 12 m2 og høgtalarane hadde spelte 96 dB/W. Men det var tydeleg at 331 hadde god kontroll i bassen, og tyngde nok til å gjere ein flott jobb med dei to 15" elementa som var i kvar kanal. Eg flytta deretter forsterkaren opp i referanseanlegget, der han fekk drive elektrostaelementa frå ca 450 Hz og oppover. Her gjorde SP 331 ein svært god jobb, og styrka meg i trua på at hybridforsterkarar har mykje for seg, ved å unngå røreffektforsterkaren si svakaste side, utgangstransformatoren, men også ved å ha med den flotte klangnøytraliteten som røra i inngangstrinnet medfører. Det er svært lite som minner om transistor- eller rørløyd, slik det er vanleg å assosiere med desse omgrepa.

Den avgjerande mellomtonen er nok SP 331 si aller sterkaste side, og faktisk minte SP 331 mykje om Copland 520. Eg fekk lyst til å prøve denne rimelege forsterkaren saman med Manger sine Zerobox 109. Desse superanalysehøgtalarane gjorde det tross alt lett å høyre skilnaden til den om lag tre gonger dyrare danske transistorforsterkaren, som var endå meir detaljert og endå meir nøytral i lyden. Her kom det også tydeleg fram at SP 331 har eit stykke att før rominformasjon og totaldynamikk kan seiast å vere i den absolutte toppklasse. Men totalt sett var eg imponert. Denne billege effektforsterkaren gjorde ein storarta jobb saman med Audio Research SP 10 og mine referansehøgtalarar i toppen og det kritiske mellomtoneområdet. Alt i alt er det vanskeleg å sjå at Vincent har konkurrentar i prisklassen. Eg ville nok like betre ein rein rørførsterkar med den same effekten, men med åtte utgangsrør av t.d. 6550 ville nok prisen bli noko heilt annleis. Også med reine transistorkonstruksjonar vil du kunne få betre lyd om du tredoblar investeringa, men likevel....

[and Joy](#)



[Ray Brown, Monty Alexander and Russell Malone](#)




[Eagles - Selected Works](#)



[Pink Floyd - Dark side of the moon - 30th ed.](#)

[se våre tidligere anbefalinger](#)



eXciteISP.no

Webpakker fra
29,- pr. mnd.

Stabile servere
og god support!

Vi har nå
forhåndsbestilling
av Æ-Ø-Å domener

Klikk her for å
lese mer!


DOMENE-WEB-EPOST

Dersom du treng 150 watt og likar rørutstyr, men kanskje ikkje ynskjer å bruke mykje pengar på utskiftinga av dyre utgangsrør, bør du prøve Vincent SP 331. Og vi skal komme attende til forforsterkaren SA 31 med ein gong han vert tilgjengeleg. Til då kan eg stadfeste at Vincent held fram med å lage uforskamma gode produkt til svært lave prisar.

Pris på Vincent SP331 6998 kr

Importør: www.nebyhifi.no

- © audiophile.no 2003 - [redaktøren](#) -



Betaler du for mye
for mobilbruken din ?

ChessCommunication

2 5 0